



HOL KOMMUNE

**Kommunale vedtekter for Hol
jordbruksfond**

**Vedteke av Hol kommunestyre 07.06.1984.
Godkjent av Fylkesmannen 09.07.1984.**

VEDTEKTER FOR HOL JORDBRUKSFOND

§ 1

Hol jordbruksfond er på kr. 50.000,-. Kapitalen skal stå urørlig og vera sikra på slik måte som fastsett for midlar som høyrer til offentlege fonds og stiftelsar.

§ 2

Rentene av fondet skal fortrinnsvis nyttast til å fremja jordbruket i dei distrikta av Hol herad som er skadelidt ved reguleringa og delast ut av formannskapet i Hol etter tilråding av landbruksnemnda.

§ 3

Dei rentemidlar som er disponible kan delast ut til einskiltpersonar som driv jordbruk eller til lag eller sams tiltak der interessentane er jordbrukarar, og har til føremål tiltak til fremjing av jordbruket innan dei område som er nemnde i § 2.

Tiltak av einskiltpersonar og likeeins fellestiltak innan dei grender som har lide skade ved regulering av Holsvassdraget skal ha fyrsteretten til tilskott av fondet dersom tiltaket er noko som trengst for å bøte på skade som vedkomande eigedomar er påførde vedr reguleringa, og som ikkje kan seiast å vera dekt ved den erstatning som eigedomane er tilkjende ved dei reguleringsskjønn som er haldne.

§ 4

Med sams tiltak som er nemnt i § 3 tenkjer ein på alle tiltak som jordbruket i dei område som er nemnde i § 2 vil ha nytte av. Tiltaka skal liggje innanfor råma av det som ein i vidare meining forstår med jordbruk.

Ein tenkjer då på vanleg jordbruk med jorddyrking, beitebruk, stølsdrift, gards- og stølsvegar, men også til tiltak som tek sikte på å fremja husdyrholdet.

Likeeins hagebruk med skulehagar og jordbruksklubbar.

Det er også høve til å gje tilskott til opphjelp av ferskvassfisket og til viltstell.

§ 5

Det er ingen eige- eller inntektsgrense for tilskott av fondet.

§ 6

Søknad om tilskott blir å sende Hol landbruksnemnd innen 1. januar kvart år. Med søknaden skal fylgja ei utgreiing av det tiltak som skal settast i verk, men kostnadsoverslag eller rekneskap for siste år, frå det lag som søkjer om tilskott.

Landbruksnemnda går gjennom søknadene og kjem med tilråding til formannskapet om kven som bør få av fondet.

Landbruksnemnda skal grunngje innstillinga si.

§ 7

Rådmann tilviser tilskottet til utbetaling.

For arbeid som skal settast i gang kan halvdelan av tilskottet betalast ut når arbeidet har teke til, og resten når arbeidet er ferdig.

§ 8

Rekneskapen for Hol jordbruksfond skal først av heradskasseraren i Hol og reviderast av kommunerevisoren.

§ 9

Endring av desse vedtekter må godkjennast av Landbruksdepartementet.

Vedteke av Hol kommunestyre 07.06.1984. Godkjent av Fylkesmannen 09.07.1984.